

Økonomiplan for 2020 — 2023

Øystre Slidre kommune



Vedteken i kommunestyret, 19. des. 2019, sak 121/19

Forord

Kommunestyret legg vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen. Følgjande handlingsreglar vil bidra til det:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntektene skal vera på minst 3%.
- Disposisjonsfonda skal utgjere minst 12,5 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld skal utgjere maksimalt 75 % av brutto driftsinntekter

Det er ei tilråding frå departementet at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene skal vere på minst 1,75 %. Dette vart endra frå 3 % etter at mva-kompensasjon frå investeringar vart overført til investeringsrekneskapen. Kommunen ønskjer å behalde 3 % som mål. Dette har samanheng med at kommunen ønskjer større handlingsrom til m.a. å kunne finansiere ein større del av investeringane sjølv og dermed redusere lånegjelda.

Ein kommune må vera i stand til å møte uføresette økonomiske utfordringar og ha midlar på fond for å møte slike situasjonar. Det er difor eit mål for kommunen at sum for disposisjonsfonda skal utgjere minst 12,5 % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda til kommunen vil auka monaleg som følge av utbygging av helsetunet. For at lånegjelda ikkje skal auke ytterlegare, må kommunen redusere andre investeringar utanom sjølvkostområda eller der vi kan finansiere heile eller delar av investeringane eksternt. For å redusere renterisikoen bør gjeld som er renteeksponert gjeld ikkje overstige 40% av brutto driftsinntekter.

10 på topp/hovudprioriteringar og samandrag

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel og dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden er følgjande:

- Vi skal ferdigstille Øystre Slidre helsetunet innanfor kostnadsramma på 260,3 mill. kr. eks mva og ta bygningen i bruk innan utgangen av 2020 og vi skal leggje om helse- og omsorgsteneste slik at moglegheitene nytt helsetun gir vert utnytta.
- Vi skal tilpasse barnehagekapasiteten til etterspurnaden etter barnehageplassar og planlegg ei heving av bygningskvaliteten for barnehagen i midtre del av kommunen.
- Vi skal busetja minst 10 flyktningar i 2020 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.
- Vi skal revidera samfunnsdelen av kommuneplanen og lage ein næringsstrategi for alle næringsområde som del av planen innan utgangen av 2020.
- Vi skal i lag med nasjonale myndigheiter og andre samarbeidspartar etablere norsk senter for fjellandbruk på Løken gard innan utgangen av 2020.
- Vi skal etablere næringsklynga Klima pluss i bankbygget og sørge for at minst 5 verksemder inngår i næringsklynga innan utgangen av 2020, der målsettinga med næringsklynga er å etablere fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad.
- Vi skal i samarbeid med næringslivet etablere selskapet Beitostølen utvikling as som ei felles selskap for finansiering og gjennomføring av fellestiltak på Beitostølen, der målsettinga er å doble tal busette til 600 personar og tal overnattingsdøgn til 600 000 gjestedøgn innan 2030. Utviklinga skal skje ved å heve sentrumskvalitetane og oppretthalde moglegheitene for Rein naturglede.
- Vi skal marknadsføre oss som nasjonalparkkommune ved m.a. å etablere eit informasjonssenter på Beitostølen og profilere nasjonalparkkommune på nettsida til kommunen.

- Vi skal halde fram med utbygging av stiar og løyper i kommunen, og i lag med løypeforeiningane, idrettslag og næringslivet vurdere nye modellar for organisering og finansiering av drift av løypenettet.
- Vi skal i lag med idrettslage lage ein utviklingsplan for Beitostølen stadion med sikte på å doble bruken av området gjennom heile året.

Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane.

Investeringsramma i planperioden er på om lag 458 mill. kroner. Det er m.a. i 2020 sett av 147 mill. kroner til ferdigstilling av Øystre Slidre helsetun, til saman 37,3 mill. kr til tiltak på vatn og avløp, samt 12 mill. kr til kjøp av område for bustadbygging m.a. på Heggenes. Planlagd låneopptak samla for investeringane i planperioden er om lag 277 mil. kroner.

Auka gjeld gir ein sterk auke i rente- og avdragskostnadene i driftsbudsjettet, med ein auke på 9,9 mill. i 2020, 16,8 mill. i 2021, 20,8 mill. i 2022 og 23,5 mill. i 2023. Auken frå 2021 er i det vesentlege innanfor VA-området og vert dekkja inn gjennom høgare VA-gebyr. Auken i 2020 er i det vesentlege knytt til utbygging av nytt Helsetun, og må dekkast inn gjennom reduserte kostnader eller høgare inntekter i generaløkonomien. I driftsbudsjettet er det difor i tillegg til alle konsekvensjusteringar lagd inn auka inntekter eller reduserte kostnader med mellom 9 og 10 mill. kvart år i økonomiplanperioden. Vi har m.a. auka inntektene innan byggesaksgebyr og spreidde avløpsanlegg og redusert kostnadene ved endring av barnehagestruktur, reduksjon i administrative kostnader og redusert vedlikehald av bygningar og vegar.

Plangrunnlaget

Overordnede mål for kommunen

- Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.
- Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Status og rammebetingelser

Vesentlege delar av driftsbudsjettet er basert på eksterne prognosar og vurderingar:

1. Skatt på inntekt og formue for 2020 er basert på prognosar frå statsbudsjett for 2020. Skatteinntektene vil vera avhengig av skatteinntektene i eigen kommune og skatteinntektene nasjonalt. Skatteinntektene i eigen kommune vil bli påverka av endring i folketal og aktiviteten i næringslivet.
2. Rammetilskot. Rammetilskotet er auka i samsvar med føresetnadene i statsbudsjettet for 2020. Storleiken på rammetilskotet vert påverka av endringar i folketallet og demografien (utgiftsutjamninga).
3. Eigedomsskatt. Inntektene frå eigedomsskatt er avhengig av takstnivået og skattenivået. Regjeringa har varsla krav om obligatorisk reduksjonsfaktor på 30% på bustader og fritidsbustader i høve takstnivået i 2019. For å oppretthalde inntektsnivået på 22 mill. frå 2019-

budsjettet må skattesatsen for bustad og fritidsbustad aukast til 3 promille frå 2020. Skattetaksten på energianlegg og næring vert vidareført med 7 promille.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett		Økonomiplan		
		2019	2020	2021	2022	2023
Skatt på inntekt og formue	-96 867	-95 400	-100 291	-100 291	-100 291	-100 291
Ordinært rammetilskudd	-97 257	-101 300	-103 246	-103 246	-103 246	-103 246
Skatt på eiendom	-21 011	-22 000	-22 500	-22 500	-22 500	-22 500
Andre generelle statstilskudd	-7 556	-4 700	-11 300	-13 060	-14 465	-14 525
Sum sentrale inntekter	-222 690	-223 400	-237 337	-239 097	-240 502	-240 562

Hovedtallene i budsjettforslaget

Rente- og avdragsutgiftene er rekna ut med bakgrunn i investeringsbudsjettet. Det er lagt til grunn ein rentesats i heile planperioden på 2,5 %. Avdragstida er sett til 30 år. For å redusere finanskostnadane er delar av investeringane i planperioden finansiert ved overføring frå drift/bruk av fond. Renteinntekter er budsjettetert i forhold forventa likviditet innestående i bank, renter på obligasjon samt renter på ansvarleg lånekapital.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett		Økonomiplan		
		2019	2020	2021	2022	2023
Renteinntekter og utbytte	-6 056	-5 230	-5 710	-5 560	-5 560	-5 560
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	3 606	5 040	9 447	11 109	12 666	14 029
Avdrag på lån	11 793	10 000	15 856	20 977	23 444	24 778
Netto finansinntekter/finansutgifter	9 343	9 810	19 593	26 526	30 550	33 247
Finansutgifter i tjenesteområdene	-25	0	-170	-170	-170	-170
Totale finansutgifter	9 318	9 810	19 423	26 356	30 380	33 077

Overføring investeringsbudsjettet og bruk av fond

3,6 mill. kr i konsesjonsavgifter er sett av på fond, og blir brukt i driftsrekneskapen til betaling av renter og avdrag i samsvar med vedtekter for kraftfondet. I tillegg blir det brukt 5,5 mill. av gåvefond (Grønolen) til sansehage, inventar og utsmykking av det nye helsetunet, slik at samla bruk av bundne avsetningar er 9,1 mill. kr i 2020.

I tillegg til 5,5 mill. frå gåvefondet, blir 14 mill. kr overført frå til investeringsrekneskapen (til saman 19,5 mill. kr) i 2020. Av dette blir 3 mill. kr brukt til næringsføremål. Overføringa til investeringsrekneskapen er delvis finansiert gjennom bruk av disposisjonsfond (12,5 mill. kr).

Avsetninger og årsoppgjørdisposisjoner

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett		Økonomiplan		
		2019	2020	2021	2022	2023
Til ubundne avsetninger	28 916	12 000	0	1 368	0	3 409
Bruk av ubundne avsetninger	-3 433	-446	-12 598	-3 968	-3 084	-1
Bruk av bundne avsetninger	-3 552	-3 600	-9 100	-3 600	-3 600	-3 600
Til bundne avsetninger	0	0	3 600	3 600	3 600	3 600

Økonomiplan for 2020-2023

Beløp i 1000	Regnskap 2018	Budsjett		Økonomiplan		
		2019	2020	2021	2022	2023
Overføring til investeringsregnskapet	0	0	19 500	6 280	5 800	1 800
Netto avsetninger	21 931	7 955	1 402	3 680	2 716	5 209
Netto avsetninger i tjenesteområdene	0	-12 335	-937	-1 770	-2 505	-3 047
Totale avsetninger	21 931	-4 381	465	1 910	211	2 162

Økonomisk utvikling i planperioden

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter




	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023
Øystre Slidre	63,3 %	63,3 %	73,5 %	75,2 %	122,9 %	124,9 %	138,7 %	152,7 %	163,6 %

Lånegjelda vil auke betydeleg i planperioden. Dette har to hovudforklaringar:

1. I hovudsak grunna utbygging av nytt helsetun vil det i løpet av 2019 og -20 totalt bli teke opp nye ordinære lån på om lag 126 mill. kr.
2. Kommunen har eit ambisiøst nivå på VA-utbyggingar. I økonomiplanperioden vil det bli teke opp nye VA-lån på om lag 257 mill. kr. Dette kjem i tillegg til eit låneopptak i 2019 på 10 mill. kr. Dette vil bli finansiert gjennom auka VA-gebyr


Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023
Øystre Slidre	3,3 %	3,6 %	1,8 %	6,6 %	-1,4 %	0,1 %	0,6 %	0,1 %	0,6 %

Handlingsregelen har mål om eit netto driftsresultat på 3 % av brutto driftsinntekter. Dette målet er ikkje nådd i økonomiplanperioden.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



Økonomiplan for 2020-2023

	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019	Budsjett 2020	Økplan 2021	Økplan 2022	Økplan 2023
Øystre Slidre	25,7 %	23,8 %	22,5 %	20,9 %	20,2 %	15,0 %	14,0 %	12,9 %	13,8 %

Grunna store investeringar i nytt helsetun, vil nivået på disposisjonsfondet i økonomiplanen bli redusert men vere over handlingsregelen på 12,5 % av brutto driftsinntekter. Nivået vil vere lågast i 2022, men frå og med -23 er det budsjettert med årlege avsetjingar til disposisjonsfondet igjen.

Resultatutvikling i økonomiplanperioden

Beløp i 1000

	Budsjett 2019	Økonomiplan			
		2020	2021	2022	2023
Sum inntekter	-313 362	-339 670	-345 527	-349 552	-352 700
Sum utgifter	307 933	319 782	317 261	318 961	317 461
Brutto resultat	-5 430	-19 888	-28 266	-30 591	-35 239
Netto finansutgifter og inntekter	9 810	19 423	26 356	30 380	33 077
Netto resultat	4 381	-465	-1 910	-211	-2 162
Avsetninger og årsoppgjørdisposisjoner	-4 381	-19 035	-4 370	-5 589	362
Overført til investeringer	0	19 500	6 280	5 800	1 800
Årsresultat	0	0	0	0	0

Befolkningsutvikling (demografi)

	2019	2024	2029	2034	2039	2044
0 - åringer	20	28	29	28	29	29
Barnehage (1-5 år)	155	147	152	151	151	151
Grunnskole (6-15 år)	351	348	327	330	335	360
Videregående (16-19 år)	148	151	151	137	131	146
Voksne (20-66 år)	1 901	1 909	1 931	1 911	1 905	1 940
Eldre (67-79 år)	486	498	478	507	556	596
Eldre (80-89 år)	114	164	234	267	264	244
Eldre (90 år og eldre)	33	28	29	49	68	78
Total	3 208	3 273	3 331	3 380	3 439	3 544

Tabellen er bygd på SSB sine MMMM-prognose for utvikling i folketalet. Vi ser av tabellen at folketalet er forventet å auke i åra framover, også i økonomiplanperioden. Endringar i folketalet gjev endringar i behovet for tenester, men også endringar i overføringane frå staten. Vi ser av tabellen at vi kan forvente mindre endringar i folketalet for born i barnehage- og skulealder og etter kvart ein auke i talet på eldre.

Kommunens tjenesteområder

Rådmannen

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2017	Øystre Slidre 2018	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	5 920	5 543	6 212	4 168
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	262	356	251	122
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	700	613	904	405

Vi ligg noko under kostragruppa i brutto driftsutgifter til administrasjon, samla i overkant av 0,2 mill. i året, men vi ligg over landsgjennomsnittet. Innan kontroll og revisjon brukar ved vel 0,3 mill. kr. meir enn gjennomsnittet i gruppa. Utgiftene til politisk styring ligg under kostragruppa, men over gjennomsnittet i landet.

Mål

Overordnet mål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.

Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.

Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Beløp i 1000	Regnskap		Økonomiplan			
	2018	Budsjett 2019	2020	2021	2022	2023
Politisk leiing og kontrollorgan	2 098	2 667	3 000	3 000	3 000	3 000
Rådmannen felles	5 640	4 820	4 635	4 635	4 635	4 635
Stab	8 486	9 332	9 265	8 962	8 962	8 962
Kraftforvaltning	-16 212	-14 404	-16 404	-16 404	-16 404	-16 404
Ramme og skatt	-215 918	-219 500	-234 537	-236 297	-237 702	-237 762
Renter og avdrag	11 312	11 980	21 743	28 526	32 550	35 247
Interne finanstransaksjoner	17 700	2 270	-9 644	-7 366	-8 330	-5 837
Sum	-186 892	-202 836	-221 942	-214 944	-213 289	-208 159

Liste over tiltak

Nye tiltak:

Rådmannen

Auke i IKT -utgiftene frå 2019 til 2020	364000	364000	364000	364000
Lisensutgifter	120000	120000	120000	120000
Overføring av lærlingansvar til Opplæringskontoret	95000	95000	95000	95000

Innsparingstiltak:

Rådmannen

Beredskap - kurs mm	-187000	-187000	-187000	-187000
Fjerning av lønnsbuffer	-709000	-709000	-709000	-709000
Kontormateriell, bevertning mv	-63000	-63000	-63000	-63000
Omorg stab	-253000	-253000	-253000	-253000
Redusert omfang forvaltningsrevisjon	-50000	-50000	-50000	-50000

Nye tiltak

Auke i IKT -utgiftene frå 2019 til 2020

Med bakgrunn vedtak i representantskapet i IKT Valdres IKS 30.10.2019 vart det fastsett eit driftsbudsjett for 2020. Øystre Slidre kommune sin del av dette for 2020 vart 6.750.000 kr som er ei auke på 364.000 kr i forhold til 2019. Det er i tillegg lagd inn auka lisenskostnader til Framsikt med kr 120 000,-.

Innsparingstiltak

Beredskap - kurs mm

I gjeldande budsjett ligg det inne ei løyving til beredskapsøving i eigen regi på kr. 187 000,-. Kommunen deltek i øvingar i regi av fylkesmannen, og løyvinga til øvingar i eigen regi vert teke ut.

Fjerning av lønnsbuffer

Vi har teke ut lønsreserven på kr. 709 000,- som eit tiltak for å balansere budsjettet.

Redusert omfang forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har spelt inn eit ønskje om eit årleg budsjett på kr. 125 000,- til forvaltningsrevisjon. Dette er redusert til kr. 75 000,- som del av innsparingstiltaka.

Opplæring og kultur

Analyse og utfordringar

1. Demografiutfordringar

Tabellen viser eit stabilt tal på barn i barnehagealder. Omfang er litt høgare enn det som har vore snittet på fødselstal dei siste åra. Talet barn i grunnskulealder dei fyrste 5 åra syner eit tal tilsvarande dagens tal. Etter det syner framskrivinga ein svak nedgang fram til 2039.

	2019	2024	2029	2034	2039	2044
0 - åringar	20	28	29	28	29	29
Barnehage (1-5 år)	155	147	152	151	151	151
Grunnskole (6-15 år)	351	348	327	330	335	360

Barnehagane har bygningsmessig kapasitet til eit fødselstal på ca 32-33. Slik set vil noverande kapasitet vere tilstrekkeleg. Ei arbeidsgruppe set ned av rådmannen har i haust utgreia barnehagestruktur for Øystre Slidre kommune i framtida. I utgreiinga er kapasitet, tilgjengelegheit og kvalitet i barnehagen vore vurdert.

Skulene våre er samla sett dimensjonert for å handtere det tal barn denne framskrivinga viser. Med to relativt like barneskuler nord og sør i kommunen vil busettingsmønsteret avgjere om skulane ligg der folk etter kvart buset seg.

For kulturfeltet vil endringa i talet eldre vere den faktoren som i størst grad vil utfordre vårt tilbod. Omfang på kulturskule følgje tal barn i kulturskulealder medan øvrig kulturtilbod skal favne alle aldersgrupper.

Flyktningarbeidet er avhengig av tal på nye busette. Kommunen har motteke oppmoding om å busette 10 nye flyktningar i 2020.

2. Endringar i nasjonal politikk - lovverk - finansiering av eit område

I haust er det på høyring ei endring i barnehagelova. Høyringa er knytt til regler om barnehagemiljø. Føremålet med endringane er å sikre alle barnehagebarn eit trygt og godt barnehagemiljø.

Regjeringa har i haust lagt fram ei stortingsmelding om arbeidet med tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehagar og skuler, og gje alle barn moglegheit til å lykkast uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjellar.

Skuleåret 2020-2021 blir det innført revidert læreplan. Arbeidet med læreplan og fagfornyng har prega skulane sitt utviklingsarbeid dei siste åra.

Regjeringa har i forslag til statsbudsjett lagt fram forslag om å fjerne økonomiske barrierar som hindrar barn frå familiar med låg inntekt i å få gå på skulefritidsordninga. Det er foreslege at ingen skal betale meir enn på 6,6% av total inntekt i hushaldninga for SFO-tilbodet.

Kommunen har i verksatt eit prosjekt "Innovasjon og busetting". Prosjektet har som overordna mål å styrke grunnlaget for næringsutvikling og befolkningsauke i kommunen. Prosjektet har 4 ulike delprosjekt der mellom anna det skal undersøkast korleis vi skal få fleire busette flyktningar til Øystre Slidre. Sentralt i dette er kva butilbod vi må tilby, for å auke tilflytting og busetting.

Kvalitetsvurdering

Barnehage

Arbeidstilsynet har gjennomført eit tilsyn basert på arbeidsplassforskrifta i Tingvang barnehage. Tilsynet godkjente tilrettelegging av arbeidsplassar for dei tilsette. Eigentilsyn er gjennomført i tråd med rutineane for kommunen som barnehagemyndigheit. Ingen avvik er meldt frå om i tilsynet, som er gjennomført i alle fire barnehagar i kommunen.

Foreldreundersøkingar og medarbeidarundersøkingar vert gjennomført annakvart år. Neste gong i 2020.

Internt tilsyn vert gjennomført kvart anna år av kommunen som tilsynsmyndighet. Neste gong barnehageåret 2020-21.

Skule

Eit postalt tilsyn ved Rogne skule tok for seg skulen sine rutinar knytt til handtering av vald og truslar. Risiko og sårbarheitsanalysar har blitt utarbeida og vurderingar knytt til aleinearbeid med elevar og pårørande med økt risiko har fått ekstra merksemd.

Elevundersøkinga vert gjennomført kvart år for 7.og 10.trinn. Resultata frå denne undersøkinga vert lagt fram i tilstandsrapport for grunnskulen. Det er ikkje gjennomført foreldreundersøking i år. Medarbeidarundersøkingar vert gjennomført annakvart år. Neste gong i 2020.

ROS-analyser vert gjennomført kvart år på skulane.

Kultur/kulturskule

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller brukarundersøkingar.

Flyktingtenesta

Det er ikkje gjennomført tilsyn eller brukarundersøkingar.

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2017	Øystre Slidre 2018	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	1 708	1 862	2 408	2 354
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,6 %	2,8 %	3,4 %	3,9 %

Økonomiplan for 2020-2023

	Øystre Slidre 2017	Øystre Slidre 2018	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B)	69	80	142	174
Netto driftsutgifter per innbygger (370) bibliotek (B)	349	340	367	294
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	135 115,0	147 923,0	157 856,0	153 541,0
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	102 321,6	116 578,3	105 624,5	89 581,0
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	5 335	5 823	4 081	2 579
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	4 904,1	5 296,6	5 412,4	4 555,8
Produktivitet				
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	131 574	127 798	146 845	145 686
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f211) per barn i kommunal barn	2 883	0	10 980	22 246
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	146 046	151 443	139 188	120 716
Dekningsgrad				
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	84,6 %	92,9 %	90,6 %	92,1 %
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i b	15,2 %	17,4 %	16,5 %	19,7 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	5,7 %	6,3 %	8,7 %	7,9 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	71,4 %	82,1 %	80,4 %	81,9 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	15,2 %	16,4 %	17,3 %	17,7 %
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	39,4 %	41,8 %	40,0 %	40,8 %
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	37,8	42,8	41,0	41,7

Øystre Slidre kommune sin bruk av midlar på kulturområdet kan ikkje direkte samanliknast med andre kommunar. Ein del midlar er i grenselandet kultur og næringsstøtte. Ikkje alle desse midlane kjem til syne i kulturindikatorane. Kulturskulen nyttar mykje midlar pr barn i kulturskulealder samanlikna med kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Orsaka ligg truleg i ein svært høg del barn som nyttar kulturskuletilbodet. Denne delen ligg langt over samanliknbare kommunar.

Øystre Slidre kommune nyttar ca 6,6% mindre midlar på sine barnehagar pr barn enn kommunane i kostragruppe 2. Trass i noko høgare pedagogdekning enn i kommunane i kostragruppe 2 ligg kostnadane altså litt lågare. Kommunen har hatt ei gledeleg auke i del barn med minoritetsbakgrunn med barnehageplass.

Skulene i Øystre Slidre kommune har eit noko høgare kostnadsnivå enn kostragruppe 2 og betydeleg høgare enn i landet utan Oslo. Samla sett utgjer dette 3,8 mill. kr i året samanlikna med kostragruppe 2. Mykje av forklaringa ligg truleg i lærartettleik. Gruppestorleik 2 (eigen størrelse i kostra) syner gjennomsnittleg gruppestorleik på 12,2 i Øystre Slidre medan tilsvarande tal for landet utan Oslo ligg på 16,2. Lærartettleiken bidreg truleg også til at skulane i Øystre Slidre har ein lågare del spesialundervisning enn kostragruppe 2 og landet utan Oslo. Avgangselevane på ØSUS scora høgt på gjennomsnittleg grunnskulepoeng i 2018.

Mål

Overordnet mål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen

Alle elevar på 8.trinnet vera over meistringsnivå 1 på nasjonale prøvar

Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø.

Alle lærarane skal fylle kompetansekrava i dei faga dei underviser i.

Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med

Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette

Eksamensresultata for elevane i norskopplæringa skal ligge minst på landsnittet.

Elevane er aktive i lærings- og vurderingsprosessen.

Elevane sin trivsel skal vera over landsgjennomsnittet og vi skal ha null-toleranse for mobbing i skulen.

Gjennomsnittleg butid i kommunale bustader for flyktningar skal ikkje overstige 3 år.

Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte

Resultatet frå nasjonale prøvar i 5. trinnet skal liggje over landsgjennomsnittet.

Resultatet frå nasjonale prøvar i 8. og 9. trinnet skal liggje over landsgjennomsnittet.

Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarende tenester.

Vi skal busetja minst 10 flyktningar i 2020 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.

Vi skal ta i bruk Ungt entreprenørskap i ungdomsskulen.

Vi skal ha/har mål om fleire mannlege tilsette i barnehagane

Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.

Vi skal kvalifisera alle elevar til å gjennomføra det 13-årige skuleløpet

Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Beløp i 1000

	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Felles opplæring og kultur	7 495	10 040	9 537	8 737	8 737	8 737
ØSUS	15 168	15 872	16 721	16 685	16 685	16 685
Rogne skule	13 062	13 921	14 087	14 050	14 050	14 050
Lidar skule	12 521	14 232	13 683	13 646	13 646	13 646
Tingvang barnehage	4 332	3 927	4 102	4 102	4 102	4 102
Rogne barnehage	7 070	7 803	7 719	7 719	7 719	7 719
Beito barnehage	4 447	4 984	6 523	6 523	6 523	6 523
Kulturavdelinga	9 498	9 981	10 143	10 143	10 143	10 143
Flyktningetenesta	-4 818	-1 441	5 431	6 631	8 331	8 331
Sum	68 773	79 319	87 944	88 234	89 934	89 934

Liste over tiltak

Nye tiltak:

Opplæring og kultur

Auka overføring til Fellestrådet	26000	26000	26000	26000
----------------------------------	-------	-------	-------	-------

Eigenbetaling SFO	60000	60000	60000	60000
Flyktingetenesta	1550000	2750000	4450000	4450000
Justert foreldrebetaling i barnehagane	150000	150000	150000	150000
Styrking digitale læreverker	80000	80000	80000	80000
Utvida bemanning Beito bhg (fleire barn)	546000	546000	546000	546000

Innsparingstiltak:

Opplæring og kultur

Barnehagestruktur	-800000	-1600000	-1600000	-1600000
Driftskutt - barnehagane	-45000	-45000	-45000	-45000
Driftskutt kulturområdet	-364000	-364000	-364000	-364000
Kutt i lønnsressurs - skulane	-952000	-952000	-952000	-952000
Lærebøker	-50000	-50000	-50000	-50000
Skulefrukt - generell kutt drift	-100000	-210000	-210000	-210000

Nye tiltak

Styrking digitale læreverker

Digital dugleik er ein av fem grunnleggjande område i skulen sin læreplan. Skulane vil ila 2020 få på plass PC/nettbrett til elevane. I den samanheng vil det skje ei auke i bruken av digitale læreverker. Noko av auken vil bli dekt av reduksjon i kostnadar knytt til ordinære papirbaserte læreverker.

Justert foreldrebetaling i barnehagane

Det er lagt inn ein reduksjon i foreldrebetaling i barnehagane. Reduksjonen kjem som følge av auka omfang av familiar som kjem innunder ordningane for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.

Auka overføring til Fellesrådet

Tilskottet til Kyrkjeleg fellesråd er auka med deflator (3%) med eit nedtrekk på 2,1%. Til saman utgjer dette 0,9% auke.

Flyktingetenesta

Det er lagt inn føresetnad om busetting av 10 nye flyktingar kvart år i økonomiplanperioden.

Innsparingstiltak

Barnehagestruktur

I budsjettet er det lagt til grunn ein struktur på barnehagane med tre i staden for fire einingar. Endringa er føreset skal skje midt i kommunen og frå barnehageåret 2020/21.

Kutt i lønnsressurs - skulane

Særskild norskopplæring blir organisert på ein anna måte. Andre funksjoner som har vore øymerka på einskilde funksjonar er tatt ned og føreset løyst av ordinær grunnbemanning. Totalt er skuleområdet redusert med 1,45 årsverk.

Skulefrukt - generell kutt drift

Driftsbudsjettet til skulane er redusert med ein storleik tilsvarande kostnaden på skulefruktordninga, med halvårsverknad i 2020.

Driftskutt - barnehagane

Det er lagt inn nokre mindre innsparingar knytt til driftspostane på kvar barnehage. Postane er i utgangspunktet beskjedne.

Driftskutt kulturområdet

Nokre postar i budsjettet er tatt vekk basert på erfaringstal. Dette gjelde ubrukte postar i de siste åra sine budsjett.

Støtta til kultur og idrettsføremål er redusert med 70 000 på kvart av dei to områda.

Helse og omsorg

Analyse og utfordringar

Demografisk utvikling

Tabellen under syner at vi får ei markant auke i aldersgruppa 80- 89 år, og mindre utslag når det gjeld dei andre gruppene. Tradisjonelt har det vore slik at ein stor andel av denne aldersgrupperingen har hatt vedtak om tenester på det høgste nivået i tenestetrappa vår. Utviklinga dei siste åra viser at dette er i endring, i 2017 hadde 17,6% av dei over 80 år tilbod om sjukeheims plass, i 2018 hadde 16,3% dette tilbodet. Vi ser ein trend som viser at gruppa 0-60 år i større grad enn tidlegare mottok heimetenester. I 2017 hadde 23,9% i denne gruppa heimetenester, mot 27,1% i 2018. Det er og slik at heimetenester til denne aldersgruppa ofte er omfattande tiltak og står for ein stor del av dei totale utgiftene til PLO-tenestene.

Vi kan forvente at trenden med at fleire av dei eldste innbyggerane i større grad enn tidlegare vil klare seg med tenester i heimen held fram om vi fortsett å bevisst dreie innsatsen mot denne tenesta. Eit utviklingstrekk er at gjennomsnittsalderen er aukande, og den generelle folkehelsa blir betre. I tillegg forventar vi at vi i aukande grad vil sjå effekt av kommunal innsats når det gjeld aukande fokus på førebyggjande tiltak, og at vi som følgje av denne vil klare oss lenger i eigen heim. Det betyr at dei som er aktuelle for sjukeheims plass vil ha svært låg restfunksjonsevne, og ha trong for omfattande tenester.

Forsking syner at det er om lag 80 000 eldre med demens i Norge i dag. Prognoser fram mot år 2034 tilseier at dette talet vil auke med om lag 80-90%. For Øystre Slidre sin del kan dette bety at vi har om lag 80-90 eldre med demens i utgangen av neste 15- årsperiode. Mellom 80-90 % av alle som har ein demenssjukdom vil ha behov for døgnbaserte tenester, anten i sjukeheim, eller i anna døgnbemanna bustad. Dette vil utfordre oss i stor grad når det gjeld nok kapasitet, og kompetanse.

	2019	2024	2029	2034	2039	2044
0 - åringer	20	28	29	28	29	29
Barnehage (1-5 år)	155	147	152	151	151	151
Eldre (67-79 år)	486	498	478	507	556	596
Eldre (80-89 år)	114	164	234	267	264	244
Eldre (90 år og eldre)	33	28	29	49	68	78

Nasjonale utviklingstrekk

Barnevernvakt

Som ei følge av Barnevernlova og seinare NOU 2016:16 sine krav om forsvarlege barneverntenester er kommunane pålagt å sikre at barneverntenestene er tilgjengelege 24/7. Det er opna for at mindre kommunar kan gå saman om ei vaktordning då omfanget av hendingar utanom vanleg arbeidstid i barnevernet har vist seg å vera svært lågt. Valdreskommunane er i forhandlingar med Ringerike kommune med tanke på ei tilslutning der, og tek sikte at dette finn si løysing innan 2020.

Kompetanseløft for kommunane si legeteneste

Stortinget har gjort vedtak om at alle legar i kommunehelsetenesta skal være spesialistar i allmenntilleg, samtidig som sjølvse spesialistutdanninga er lagt om. Kommunane vil få eit betydeleg større ansvar for å planlegge og tilrettelegge for spesialistutdanninga i allmenntilleg.

Kommunepsykolog

Kommunane skal innan 2020 ha etablert kommunepsykolog som ein del av det kommunale tenestetilbodet. Øystre Slidre kommune gjekk saman med Vestre Slidre og Vang kommunar inn i eit samarbeid og etablerte eit tilbod om kommunepsykolog for dei tre kommunane. Tilskotet til denne ordninga blir innlemma i rammetilskotet frå 2020.

Rett til dagtilbod for personar med demenssjukdomar

Tilskottet for å opprette dagplassar for heimebuande med demenssjukdomar blir lagt inn i rammetilskotet frå Staten frå 2020. Samstundes får denne gruppa ein lovfesta rett til dagtilbod. Øystre Slidre kommune har etablert dagtilbod for denne gruppa med eit lønstilskott på omlag kr 230 000,-. Vi vil vidareføre dette dagtilbodet i Øystre Slidre helsetun.

Kutt i ordninga med refusjon for særleg ressurskrevande brukarar

Over fleire år er det gjort endringar i innslagspunktet for denne ordninga, noko som veltar over ein større andel av kostnadane på kommunane. Kommunane får refundert 80% av lønsgiftene over innslagspunktet som i 2019 er 1 270. I statsbudsjettet for 2020 er innslagspunktet for å få refundert 80% av utgiftene endra frå 1 270 000 til 1 371 000. For Øystre Slidre kommune sin del vil dette bety at vi må eigenfinansiere omlag kr 100 000,- meir enn før endringa.

Nasjonale helse- og sjukehusplan er særleg toneangivande legg føringar for vegval og dimensjonering av spesialisthelsetenesta. Det ligg ein betydeleg grad av oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta til kommunal tenesteyting. For å møte dette har vi o.a. etablert det interkommunale tilbodet i VLMS for å kunne gje noko meir spesialisert behandling i regionen.

Eit anna døme på retningsendring i spesialisthelsetenesta og korleis dette verkar inn Valdres er nedbygginga av sengekapasiteten i DPS Valdres. Formålet med dette er å følge opp Nasjonal helse- og sjukehusplan som legg føringar for at psykiatrien skal utviklast i retninga av meir poliklinisk behandling, og at psykiatri og somatikk i større grad enn tidlegare skal smelte saman for å få eit noko meir heilskapleg pasientfokus i tenesteytinga.

Lokale utviklingstrekk og utfordringar

Eit anna utviklingstrekk er at utfordringane veks i betydeleg grad når det gjeld å oppretthalde ei god og forsvarleg legeteneste. Vi ser o.a. at nyutdanna legar vektlegg det å ha føreseieleg inntekt, sleppe driftsansvar, løn under sjukdom og ikkje minst å kunne ta ferie i betydeleg større grad enn tidlegare. Gjennomsnittsalderen for fastlegar har auka, og det er slik at fastlegane kan takke nei til legevakt etter fylte seksti år.

Vi må rekruttere yngre legar også regionalt for å sikre ei framtidig regional legevaktordning. Lokalt har vi utvida fastlegeheimlane våre med ein heimel. Vi har no opna for å tilsette i faste kommunale stillingar,

som inneheld to lønselement, fastløn, i tillegg til ein andel av refusjonar og eigenbetaling. Dette ser så langt ut til å ha ein positiv effekt.

Vi har høgt langtidsfråver i dei store turnusområda våre. I tillegg til at vi har hatt stor "turnover". Dette utfordrar oss med tanke på å ha helsefagleg utdanna personell til ei kvar tid. Det er særleg utfordrande å få dekkja opp i tilstrekkeleg grad i sumarferieavviklinga i turnusområda.

Den kommunale helse- og omsorgstenesta blir i aukande grad utfordra når det gjeld å handtere meir eksplisitte og aukande krav til utøving av tenestene våre. Vi ser o.a. at kravet til dokumentasjon, rapportering og kompetanseutvikling aukar sterkt, behov for aukande grad av tenestekoordinering like eins.

Pasientar og pårørande er vorte meir beviste og nyttar seg i aukande grad av rettighetsfesting. Dette bidreg til at oppgåvene lagt til systemkontoret vårt har nesten dobla seg dei siste to-tre åra. Det blir utført eit stort arbeid for å førebu flytting og bruk av Øystre Slidre helsetun. Vi tek sikte på at vi i størst mogleg grad skal drive denne prosessen på "eigen kjøll" då vi meiner at dette vil gje oss det beste læringsutbyttet. Vi vil hente inn ekstern kompetanse i delprosjekt drift og turnus. Vi ser fram til å drifte eit moderne bygg fylt med moglegheiter og kvalitetar.

Kvalitetsvurdering

Helse og omsorgstenestane i Øystre Slidre kommune gjennomfører systematiske bruker- og pårørande undersøkingar annan kvart år for å få eit bilete på korleis tenestane vår blir opplevd av mottakarane. I tillegg utfører vi medarbeidarundersøkingar i same system, der dei tilsette har høve til å gje uttrykk for korleis dei opplever sin arbeidskvardag. Vi skal gjennomføre ei ny undersøking i 2020 for Institusjon- og heimebaserte tenester, psykisk helsetenestehelsesjukepleiartenesta og miljøtenesta.

Tilsyn

Fylkesmannen i Innlandet gjennomfører tilsyn med institusjonstenestane våre i november 2019, der fokuset for tilsynet er bruk av tvang ved somatisk helsehjelp.

Det er gjennomført eit tilsyn av Arbeidstilsynet etter ei klemskade i Arbeid og aktivitetsavdelinga hausten 2019. Avvik er lukka.

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2017	Øystre Slidre 2018	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	207 630	404 389	196 529	213 955
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	9 086	12 152	11 659	10 819
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)	22 028	20 580	23 820	19 090
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	34,0 %	31,5 %	34,1 %	31,9 %
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger (B)	4 032	3 017	3 020	3 572
Sosialsektoren samlet nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	6,2 %	4,6 %	4,3 %	6,0 %

Økonomiplan for 2020-2023

Produktivitet

Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	15,8	10,0	17,6	18,9
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	36 505	49 575	34 705	48 410
I alt Langtidsopphald i institusjon Brukarar av pleie- og omsorgstenester	47	43		
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B)	277 983	285 127	257 023	273 215
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	931 683	993 400	1 121 486	1 213 371
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	2 810	3 051	3 581	3 710

Dekningsgrad

0-22 år Andel barn med barnevernstiltak per 31.12.	2,0 %	1,8 %	3,3 %	2,7 %
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,6 %	2,2 %	3,8 %	3,1 %
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	110,1 %	91,2 %	91,2 %	81,4 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B)	4,7 %	3,7 %	5,6 %	4,3 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	4,2 %	2,3 %	4,7 %	4,8 %
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 0-66 år (B)	11	12	29	22
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 67-79 år (B)	80	80	83	69
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 80 år og over (B)	351	320	357	313
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	8,1	8,1	8,4	7,6
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	8,1	8,1	10,4	9,0

Kvalitet

Andel brukerretnede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	78,3 %	77,2 %	75,5 %	74,8 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 114,0	1 113,0	1 005,0	1 169,0

Kommunekasse

Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse)	2 875	2 932	2 969	1 970
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse)	2 259	2 303	2 974	2 738
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) (Kommunekasse)	9 210	9 434	12 032	10 454
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse)	180	200	192	229
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse)	3 573	3 647	3 881	2 888
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) (Kommunekasse)	0	0	133	492

Kostraindikatorane over gjer eit bilete på korleis vi står oss samanlikna med kommunar lik oss, samt landet utan Oslo.

Prioritet

Kommunen opplever fortsatt at vi har få barn med undersøking eller tiltak i barnevernet. Men vi har også i 2018 store utgifter til barneverntiltak utanfor heimen som er svært kostnadskrevjande.

Når det gjeld driftskostander elles ser vi at vi har ein nedgang i kostnadane til pleie og omsorgstenestane når ein ser det i samanheng med kommunen sine samla netto driftsutgifter. Vi ser at vi dreier ressursbruken i større grad mot å levere heimetenester i større grad enn tidlegare. Dette gjer vi for å sikre tryggleik i eigen heim etter funksjonsnedsetting som anten skuldast aldri, eller meir akutte hendingar som aukar hjelpebehovet.

Vi opplevde ein markant utgiftsauke i dei sosiale tenestane i 2017, på dette området ser vi ein reduksjon i 2018, og vi ligg no på nivå med kostragruppe 2 som består av kommunar mest lik oss.

Produktivitet

Vi ligg svært lågt på statistikken når det gjeld barn med barnevernstiltak i aldersspennet 0 -22 år. Så er det fleire måtar å tolke dette på. Er det slik at det ligg ein underrapportering til barnevernet til grunn for dette? Er barnevernet for restriktive i forhold til å setje inn tiltak? Er familieforholda betre her enn i

andre kommunar? Det er ikkje godt å trekke konklusjonar her, men det er grunn til å tru at årsaka er ein kombinasjon av desse faktorane.

Sjølv om vi ser ei auke i utgiftene til institusjonsdrifta vår, ligg vi fortsatt godt under kostragruppe 2 og landet. Her vil vi sjå ei kostnadsauke for 2019 då vi har etablert to omfattande tiltak der vi kjøper institusjonstenester frå private institusjonar. Dette gjer vi for å sikre pasientane det gjeld adekvate og forsvarlege tilbod i ei akuttfase.

Dekningsgrad

Vi har ei fallande kurve når det gjeld andelen av befolkninga i aldersspennet 20-66 år som er sosialhjelpsmottakarar. Men vi ser og at fleire av dei som får økonomisk sosialhjelp har dette som si hovudinntektskjelde, og det skapar grunn til uro. Viktig at NAV rettar fokus og tiltak mot denne gruppa for å hjelpe desse over i fast jobb.

Vi ligg lågt når det gjeld årsverk legar målt opp mot talet på innbyggjarar. Dette vil betre seg når vi får tilsett i den fjerde fastlegestillinga vi har oppretta.

Kvalitet

Vi ligg tradisjonelt godt over kommunegruppe og landet når det gjeld andelen personell med helsefagutdanning. Noko tå forklaringa meiner vi at vi legg stor vekt på å legge til rette for at dei som er utan grunnutdanning, men som har mykje realkompetanse kjem seg gjennom eit utdanningsløp med mål om å bli fagarbeidar innan omsorgsfaget.

Mål

Overordnet mål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle avdelingar skal ha gjennomført ROS-analyser i 2020.

Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan med jamleg evaluering.

Alle barn i fosterheim skal få oppfylt minimumskrava for tilsynsbesøk.

Gjennomsnittleg liggetid pr. innlegging i sjukeheim skal ikkje overstige 80 døger.

Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Mellombelse butilbod skal berre unntaksvis verta nytta av barnefamiliar og unge, og slike opphald skal ikkje vare meir enn tre månader

Minst 2 leigetakarar i kommunale bustader skal årleg gå frå leige til eige.

Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning

Sakshandsamingstida for søknader om helse- og omsorgstenester skal ikkje overstige 14 dagar, og iverksettingstida skal ikkje overstige 12 dagar.

Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.

Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.

Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.

Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet.

Vi skal ta i bruk Øystre Slidre helsetun i løpet av 2020.

Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.

Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Beløp i 1000

	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Felles helse og omsorg	19 655	18 479	20 254	20 254	20 254	20 254
Helseavdelinga	16 174	17 133	18 228	18 228	18 228	18 228
IHT	44 118	48 151	51 183	49 485	49 485	49 485
Miljøtenesta	12 861	13 829	14 273	14 273	14 273	14 273
Sum	92 808	97 592	103 938	102 240	102 240	102 240

Liste over tiltak

Nye tiltak:

Helse og omsorg

Barnevernvakt	220000	220000	220000	220000
Bortfall av tilskot til dagplass for demente	357000	357000	357000	357000
Endring av budsjett barnevern etter innspel frå NAK	742000	742000	742000	742000
Endring av budsjett NAV etter innspel frå NAK	1353000	1353000	1353000	1353000
Endring av tiltak legevakt etter innspel frå NAK	206000	206000	206000	206000
Prosjekt A	933000	0	0	0
Prosjekt B	765000	0	0	0

Innsparingstiltak:

Helse og omsorg

Auke i eigenbetaling institusjon	-357000	-357000	-357000	-357000
Endring av budsjett jordmor etter innspel frå NAK	-37000	-37000	-37000	-37000
Endring av budsjett VLMS etter innspel frå NAK	-118000	-118000	-118000	-118000
Opphøyr LIS-lege frå 01.04.19	-43000	-43000	-43000	-43000
Reduksjon administrasjonsressurs Miljøtenesta	-318000	-318000	-318000	-318000
Redusert barnevern tiltak utanfor heimen	-500000	-500000	-500000	-500000
Redusert økonomisk sosialhjelp	-500000	-500000	-500000	-500000

Nye tiltak

Barnevernvakt

Dette tiltaket gjeld kjøp av barnevernvakt. Tiltaket er naudsynt for å oppfylle Barnevernlova sine krav når det gjeld å sikre tilgjenge til barneverntenester 24/7. Kommunane i Valdres skal kjøpe denne tenesta frå Ringerike kommune frå 2020.

Endring av budsjett barnevern etter innspel frå NAK

Vi har over tid hatt ein betydeleg vekst i utgiftene til barnevern. Når det gjeld tiltak innanfor heimen er det lagt inn ei auke på kr 100 000,-, medan tiltak utanfor heimen i forslaget frå NAK var auka med 233.000 kr. Utgiftene til kontordrift i barnevernet er auka med kr 409 000,-.

Endring av budsjett NAV etter innspel frå NAK

Opprinneleg er det spelt inn ei auke frå NAK auke i økonomisk sosialhjelp på kr 575 000,- (dette har vi trekt ned med kr 500 000,- som eit bidrag til å saldere budsjett - innsparingstiltak).

Det er lagt inn ei auke i kontordrifta i NAV på kr 279 000,-. Det er og lagt inn ei auke til kvalifiseringsprogram på kr 468 000,-.

Endring av tiltak legevakt etter innspel frå NAK

Det er lagt inn ei auke tilsvarande 14% stilling i overlegefunksjonen i økonomiplanperioden. Stillinga er med dette auka frå 16 - 30%.

Auke i eigenbetaling institusjon

Med bakgrunn i regnskap 2019 finn vi å kunne legge inn kr 357 000,- i auka inntekter i eigenbetalinga for sjukeheimen. Dette er forskriftsregulert, men ut frå rekneskapen så langt i 2019 meiner vi det er grunnlag for å gjere denne endringa.

Prosjekt A

Dette gjeld kjøp av tenester frå privat omsorgsfirma til pasient vi ikkje har kapasitet og kompetanse til å drifte sjølv. Usikker prognose når det gjeld tidshorisont.

Prosjekt B

Dette gjeld kjøp av tenester frå privat omsorgsfirma til pasient vi ikkje har kapasitet og kompetanse til å drifte sjølv. Usikker prognose når det gjeld tidshorisont.

Innsparingstiltak

Endring av budsjett VLMS etter innspel frå NAK

Endringa her gjeld reduksjon på kr 136 000,- på drift intermedieartilbodet i Valdres lokalmedisinske senter, VLMS. Når det gjeld institusjonslokala i VLMS ser vi ei auke i utgiftene på kr. 18 000,-.

Reduksjon i økonomisk sosialhjelp

Økonomisk sosialhjelp er redusert med 500.000 kr i høve til opprinneleg innspel frå vertskommunen.

Redusert barnevern tiltak utanfor heimen

For 2020 har vi redusert budsjettet tiltak utanfor heimen med kr 500 000,- i forhold til innspelet frå vertskommunen. Dette er gjort med bakgrunn i regnskapet for 2019.

Opphøyr LIS-lege frå 01.04.19

Om vi får tilsett i begge dei ledige legestillingane vi har lyst ut er det bestemt at vi i det vidare ikkje skal halde fram med å ta i mot LIS-legar. Det er stor usikkerheit knytt til om dette blir aktuelt, men reduksjonen er lagt inn med 9 mnd verknad fordi vi har lagt inn dei to fase legestillingane inn i budsjettet for 2020.

Tekniske tenester

Analyse og utfordringar

Vi vil etter SSB sine prognosar ha følgjande folketalsutvikling i kommunen:

	2019	2024	2029	2034	2039	2044
Tal innbyggjarar	3 208	3 273	3 331	3 380	3 439	3 544
Endring i høve 2019		65	123	172	231	336

Auka folketal vil gje behov for auka kapasitet til planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur, frå utarbeiding av reguleringsplanar, planlegging, utbygging og drift av veg, vatn og avløp, oppmåling, handsaming av byggjesaker m.v.. Auka tenesteyting innan barnehage, skule, helse og omsorgstenester vil også overtid gje behov for utbygging og drift av den kommunale bygningsmassen. Folketalsutviklinga er svak veksande med i gjennomsnitt 0,4% i året.

For kommunen vil utvikling i deltidsinnbyggjarar i minst like stor grad som innbyggjarar påverka behovet for planlegging og utbygging av kommunal infrastruktur. I dei seinare åra har det årleg blitt gjeve bruksløyve/ferdigattest til 50 – 60 fritidseigedomar. I tillegg kjem ei rekkje leilegheiter.

Generelt har kommunen hatt lågare kapasitet på planlegging og utbygging av veg, vatn og avløp enn det som er ønska frå utbyggjarar, nok som har gjeve eit stor restande på utbyggingsprosjekta. Sjølv om VA-planen er ny, har vi ikkje vore i stand til å gjennomføre tiltaka i planen.

Næring, plan og byggsak

Næring

Innføring av eigedomsskatt har gitt kommunen musklar til ei betydeleg satsing på næringsområdet, som treng tett oppfølging i åra som kjem. Utviklinga med ei meir målretta sentrumsutvikling i samarbeid med private aktørar har gitt gode resultat, og vi vil gå vidare med dette arbeidet. Vi har lagt opp til ei betydeleg satsing på landbruk ved å forsterke eksisterande BU-ordning og eit prosjekt for å auke interessa for, og styrke, lokal matforedling. Utarbeiding av kommunal beitebruksplan er planlagt i 2020, på bakgrunn eit kunnskapsgrunnlag frå Nibio. Gjennom prosjektet «Nasjonalt senter for fjellandbruk - Løken» er målet å ta ein nasjonal posisjon på fjellandbruk og auke talet på kompetansearbeidsplassar. Vi vil etablere ei klimanæringsklynge i nykjøpt bankbygg. Tett oppfølging er eit stikkord for å lykkast med begge prosjekta. Ein ny samfunnsdel i kommuneplanen med ein strategisk og operativ næringsstrategi, godt forankra politisk, vil lette og målrette det samla næringsarbeidet.

Plan

Etter lova skal kommunen utarbeide ny planstrategi i starten av kvar kommunestyreperiode. Arbeidet er starta opp og vi tek sikte på politisk handsaming i første kvartal 2020. Her vil vi få vurdert planbehovet dei komande åra. Vi vil truleg foreslå ei revidering av kommunens samfunnsdel, inkl. ein næringsstrategi. I tillegg vil vi sjå på behovet for revidering av arealdelen, og ein del temaplanar. Områdeplanen for Størrtjednlie er i prosess og planen vil gje rom for stor byggeverksemd i åra som kjem. Vi vil i 2020 gjennomføre to mogelegheitsstudier, på Beitostølen og på Heggenes. Desse vil gje eit godt kunnskapsgrunnlag både for kommuneplan og næringsstrategiarbeidet. Klimautfordringane er høgt på

agendaen, og Øystre Slidre ynskjer også å bidra i arbeidet gjennom eit klimaprojekt. Det er statlege midlar til dette.

Byggsak, oppmåling og spreidd avløp

Byggesaksavdelinga har framleis særst god sakstilgang. Det er gjort nokre grep som har senka sakshandsamingstida. Det er etterslep på tilsyn, men avdelinga blir styrka frå 1. desember med ei ny stilling. Vi har godt grep og særst gode rutinar på oppmåling, med høg fagleg kvalitet, og ein status i høve matrikkelen dei fleste kommunane vil misunne oss. Det er i 2019 gjort eit systematisk arbeid med områdevis tilsyn av avløpsanlegg. Status så langt er at sjølv relativt nye anlegg har dårleg virkningsgrad og truleg bør utbetrast. Det er stor trong for å styrke dette arbeidet. Nytt gebyrregulativ gjer det mogeleg å styrke dette arbeidet.

Teknisk drift

Vatn og avløp

Vi har tilsyn frå fylkesmannen og Mattilsynet og vi gjennomfører eigenkontroll innan vassforsyning og avløp. Vi får få eller ingen avvik i desse tilsyna/eigenkontrollen, noko som kan tyde på god kvalitet i desse tenestene. I internkontrollen har vi laga ROS-analysar og ei rekke prosedyrar. Vaktordninga innanfor VA-tenesta gir 100% tilgjenge for publikum. Utfordringa på VA område er at vi har hatt underbemanning i forhold til arbeidsoppgåver, både på prosjektering av nyanlegg og ved drift av anlegga. Styrkinga i økonomiplanen vil betra mykje på denne situasjonen.

Øystre Slidre kommune har vore særst ambisiøse på VA-området, og har eit omfattande nett for vatn og avløp. Dette har m.a. vore naudsynt for å sikre vatn av god kvalitet og hindre forureining. Kommunen har heimel til å krevje tilkopling til offentleg nett om kostnadane til bygging av private stikkleidningar ikkje blir for høge. Rettspraksis har antyda kring 250 000.

For å auke tilkoplingsgraden, og bidra til ei utlikning av kostnadane mellom dei som er nære og dei som ligg lenger unna kommunalt nett vedtok Øystre Slidre kommunestyre i KS-039/17 å etablere ein eigen tilskotsordning for hushaldningar og næringsverksemdar til bygging av private stikkleidningar for påkopling til det kommunale vatn – og avløpsnettet, i første omgang for ei periode på 5 år. Vi har no evaluert ordninga etter to år, og erfaringane er at ho ikkje verker etter hensikta. Det har vore få søknadar, og vi har ikkje vore i nærleiken av å bruke opp midlane. Ordninga er difor fjerna, og erstattar den med ein sterkare ambisjon om å bygge dei kommunale leidningane innanfor sjølvkostområdet nærare dei eigedomane vi ynskjer skal kople seg til.

FDV

Vi har hatt tilsyn frå Arbeidstilsynet på eit av bygga i kommunen i år. Der var det ikkje nokon merknad på sjølve bygget. Vi har jamleg branntilsyn og ved avvik retter vi dette med ein gong. Vi har ein generell ROS analyse for kommunen. Det blir arbeidet med å laga ROS analyser for føremålsbygg. Vi har investert i eit FDV system der vi som byggeigar har etter kvart full oversikt og kontroll med dokumentasjon, aktiviteter og avvik på bygga. Sjølv om bygga er nye, så er det mykje «tekniske» installasjonar som kan vere dyre og vanskelege å drifte. Vi har og eldre bygg som treng vedlikehald og behov for rehabilitering.

Veg

Vi er i gang med plan for asfaltering av kommunale vegar framover. Driftsutgifter for kommunale vegar vil variere som følgje av varierende snømengde. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade medførar og høgare driftsutgifter ved vårløysinga og på hausten.

Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2017	Øystre Slidre 2018	Kostragruppe 02	Landet uten Oslo
Prioritet				
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	5	6	7	5
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger	73	-11	68	71
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger	1 119	1 903	1 096	818
Produktivitet				
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb)	5 155	4 675		0
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	110 296	120 259	70 429	102 896
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb)	5 275	5 535		0
Kommunekasse				
Netto driftsutgifter per innbygger (301) plansaksbehandling (B) (Kommunekasse)	-61	767	339	271
Netto driftsutgifter per innbygger (303) kart og oppmåling (B) (Kommunekasse)	-11	-20	174	101

Arealet til føremålsbygg i kommunen har auka frå 2017 til 2018, og vil med nytt Helsetun auka ytterlegare i 2020. Vi ligg over landet, men under Kostra-gruppa.

På området brann og redning (funksjon 339) brukar vi monaleg meir enn Kostragruppa, og utgiftene har auka sterkt frå 2017 til 2018. Vi brukte samla om lag 2,5 mill. meir enn kostragruppa på dette området i 2018.

Innan vegdrift nyttar vi om lag 50 000,- meir pr. km kommunal vei enn Kostragruppa. Det kan tyde på eit høgt vedlikehaldsnivå på kommunale vegar.

Vi har ein sterk auka i utgiftene til plansakshandsaming frå 2017 til 2018, og ligg i 2018 godt over kostragruppa. Innan oppmåling ligg vi monaleg under kostragruppa.

Mål

Overordnet mål

Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbygarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.

Delmål

Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.feb. kvart år

Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.

Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.

Vi skal gjennomføre alle investeringar i investeringsprogrammet

Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år

Vi skal ha avløpssystem som fyller alle krava i nasjonalt regelverk, kommunale forskrifter og vilkår sett ved utslippsløyve.

Vi skal halde alle fristane etter plan- og bygningslova og gjennomført minst 30 byggjetilsyn.

Vi skal ikkje ha negativt avvik i høve til budsjettet for tenesteeininga.

Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.

Vi skal revidere trafikktryggleiksplanen i 2020 og frå 2020 bli trafikksikker kommune.

Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får nok vatn av tilfredsstillande kvalitet

Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.

Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.

Vi skal etablere ein næringshage i Bankbygget

Vi skal etablere eit nasjonalparksenter i Velkomstsenteret på Beitostølen

Vi skal følgje opp prosjektet busetting, innovasjon og næringsutvikling

Vi skal gjennomføre eit klimaprojekt støtta av Miljødirektoratet

Vi skal gjennomføre mogelegheitstudie for Heggenes og for Beitostølen.

Vi skal i samarbeid med andre etablere Nasjonalt senter fjellandbruk på Løken gard

Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal.

Vi skal vedta ein næringsstrategi som del av kommuneplanen

Vi skal vedta ny planstrategi og revidere samfunnsdelen av kommuneplanen.

Driftsbudsjett

Fordeling per ansvarsområde

Beløp i 1000

	Regnskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Teknisk drift	18 151	18 748	16 292	11 697	8 342	4 712
Nærings plan og byggesak	7 161	7 177	13 768	12 773	12 773	11 273
Sum	25 312	25 925	30 060	24 470	21 115	15 985

Liste over tiltak

Nye tiltak:

Tekniske tenester

Auke i forsikring nye bygg	100000	100000	100000	100000
Auke i leigeinntekter - omsorgsbustader i nytt helsetun	-180000	-2070000	-2070000	-2070000
Auke i straumutgifter	500000	500000	500000	500000
Endring av gebyrinntekter VA	-1109000	-3282000	-6132000	-9331000
justering av overføring til VBR IKS	92000	92000	92000	92000
Leigeinntekter bankbygget	-770000	-770000	-770000	-770000
Ny stilling oppsynsmann VA	674000	674000	674000	674000

Innsparingstiltak:

Tekniske tenester

Auka gebyrinntekter byggesak	-804000	-804000	-804000	-804000
Fyringsolje	-25000	-25000	-25000	-25000
Gebyrinntekter spredt avløpsanlegg frå 2020	-750000	-750000	-750000	-750000
Kontormateriell, bevertning mv	-40000	-40000	-40000	-40000
Reduksjon konsulentutgifter plan	-500000	-500000	-500000	-500000
Redusert vedlikehaldsbudsjett	-1500000	-1500000	-1500000	-1500000
Reinhaldsartiklar	-100000	-100000	-100000	-100000

Teknisk drift

Nye tiltak

Auke i leigeinntekter - omsorgsbustader i nytt helsetun

Ved innflytting i nytt helsetun får vi auka leigeinntekter. Vi har lagd til grunn leigeinntekter fom desember 2020 på 18 leilegheiter, med kr. 10 000,- pr. leilegheit inkl. straum og reinhald med gjennomsnittleg utleigetid på 11,5 månader i året.

Ny stilling oppsynsmann

Det er lagd inn ny stilling som oppsynsmann for driftsoperatørane innan VA finansiert over sjølvkost VA.

Innsparingstiltak

Redusert vedlikehaldsbudsjett

Budsjettramme for vedlikehald på kommunale bygg og kommunale vegar vert redusert med 1,5 mill. Det står att 0,5 mill. årleg til dette føremålet i økonomiplanen.

Auka gebyrinntekter byggesak

Det er lagd inn auka gebyrinntekter byggesak som følgje av høgare inntekter inn budsjettet i 2019 og auke i gebyrsatsane for fritidsbustad/bustad. Auka gebyrsatsar vil gje større grad av kostnadsdekking innanfor denne tenesta.

Reduksjon konsulentutgifter plan

Vi tek ut ein budsjettpost for kjøp av tenester innan planlegging på 500 000,- som eit innsparingstiltak og ut frå ein føresetnad om i det vesentlege gjennomføre kommunale planar i eigenregi.

Tilsyn av spredt avløpsanlegg frå 2020

Vi legg om gebyrordninga på spreidd avløp frå eit gebyr på 1 400,- for dei som får tilsyn til eit årleg gebyr på kr 500,- for alle dei om lag 1 500 anlegga. Inntektene vert nytta til regelmessige tilsyn med alle anlegga.

Investeringer i økonomiplanen

Sikker vassforsyning og miljørett handtering av avløpsvatn

Kommunen har overordna ansvar for vassforsyning innanfor kommunegrensene slik dette går fram av m.a. plan og bygningslova, kommunehelsetenestelova og regelverk for beredskapsarbeidet. Dette gjeld både drikkevatn, vatn for næringsmiddelproduksjon og sløkkevatn.

Ole vassverk vart godkjent av kommunestyret 16.12.1999, og har Olevatnet som råvasskjelde. Det er pr. 2017 2098 abonnentar hovudsakleg i området Beitostølen – Beito.

Kollstad vassverk vart overtatt av kommunen i 2006 og har inntak direkte frå Ygna. Mellseinn vart plangodkjent som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk i 2011. Det er pr. 2017 182 abonnentar. Mellseinn og Olevatnet er ut frå vasskjemiske og hygieniske data samt hydrologi vurderte å ha gode kvalitetar som råvasskjelde.

Etter at VA leidning Beitostølen – Sele er ferdigstilt står Rogne-Skattebu att som einaste område i bygda som ikkje har felles vassforsyning. Område ligg i Vindin vassverk sitt forsyningsområde. Vindin vassverk har ikkje prioritert etablering av felles vassforsyning i denne delen av sitt forsyningsområde.

Vindin vassverk med Søre Vindin som råvasskjelde og Ringåne vassverk med inntak frå Ringåne (ca 27 abonnentar) er private vassforsyningssystem i midtre og søre del av bygda. Søre Vindin og Ringåne er ut frå vasskjemiske og hygieniske data samt hydrologi vurdert å ha mindre gode kvalitetar som råvasskjelde.

Det er registrert 166 km leidning for drikkevassforsyning med om lag lik fordeling på kommunal og privat leidning. Kommunalt leidningsnett er av nyare dato (ca 73 % etablert etter 1990) og har god drifts/ vedlikehaldsstatus. Privat leidningsnett (hovudnett og fordelingsnett) er av noko eldre dato, og har komande behov for oppgradering/vedlikehald.

Oppgradering av Ole Vassverk

Vi må utvida bassengkapasiteten ved Ole Vassverk. Vassforbruket i forsyningsområdet aukar med auka utbygging. Bassengkapasiteten må auke tilsvarande for å nå målet om å ha minimum eitt døgn forbruk lagra i basseng.

Når vi etter kvart får leidningsnett i heile forsyningsområdet til vassverket og vi i tillegg har mål om å vere reservevasskjelde for Vindin Vassverk, må vi ha løyve til å ta ut meir råvatn. Noverande konsesjonsramar er så vidt strenge fordi vi den gong ikkje kunne dokumentere konsekvens ved uttaket. I dag har vi erfaring og dokumentasjon som bør gje høve til utvida uttak.

Vassinntaket i Olevatn ligg ikkje på mest gunstig punkt. Inntaket bør flyttast om lag 480 m til eit djupare basseng med største djup 26 m. Noverande inntakspunkt har eit djup på 16 m, men sidan botn har mykje botnslam er inntakspunktet løfta til om lag 11 m for å unngå å suge inn slam i vassforsyningssystemet. Vi kjem då svært nær sprangsjiktet som gir meir sårbar vasskvalitet.

Behandlingsanlegget gir ikkje absolutt tryggleik mot at råvatn kan passere behandlingsanlegget og koma ut på nettet utan reinsing. Det bør etablerast to hygieniske barrierar i behandlingsanlegget.

Tiltaka knytt til Ole vassverk vert gjennomført i 2020 til 2022, med 9 mill. i overførde midlar frå 2019 og ei løyving på 6 mill. i 2021 og 9 mill. i 2022, finansiert med låneopptak.

Kollstad vassverk – ny vasskjelde, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett

Kommunen overtok Kollstad vassverk ved vedtak i kommunestyret 22.06.2006. Etter overtaking har kommunen utvida kapasitet for høgdebasseng og utbeta deler av hovudleidningsnett. Inntakspunkt er framleis direkte i elva (Ygna), og dette er det kritiske punktet i høve til forsyningstryggleik. Utfordringane knytt til direkte inntak frå elv er forventa å auke i samband med varsla klimaendringar. Elv som vasskjelde gir hygienisk ustabil vasskvalitet som ikkje tilfredsstillar dei krav vi har til vasskjelder i dag. Hovudledning mellom inntak og behandlingsanlegg er av dårleg kvalitet. Dei svært høge utbyggingskostnadane krev at vi med dette nye forsyningssystemet bør ha ambisjonar om levering til fleire enn dei 182 abonnentane Kollstad Vassverk har i dag.

Som overflatevasskjelde har Mellsenn svært gode data som råvasskjelde både m.o.t. hydrologi og vasskjemiske/hygieniske målingar. Mellsenn vart godkjent av Mattilsynet som råvasskjelde for Kollstad vassverk 21.02.2011. Neste trinn i arbeidet med å etablere Mellsenn som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk vil være søknad om konsesjon for vassuttak etter vassressurslova. Vi må avklare retten til å ta ut vatn frå Mellsenn.

Vi har som mål å kunna bygga ny hovudforsyning til Kollstad vassverk frå Mellsenn i 2021-2022. Vidare har vi behov for å byggje nytt behandlingsanlegg for Kollstad Vassverk og til å utvide forsyningsområdet til Nørre Rogne.

Tiltaka knytt til Kollstad vassverk vert gjennomført i 2021 - 2023, med ei løyving på 19 mill. i 2021 og 20 mill. i 2022 og 31 mill. i 2023 finansiert med låneopptak.

Høgdebasseng Nordtorp

Høgdebasseng bør byggast for å auke leveringstryggleiken på leiinga Lidar – Furustrand. Dette blir eit hovudknutepunkt for vassforsyning. Det vert sett av 4 mill. til tiltaket i 2020, finansiert med låneopptak.

Brannvassforsyning m.v Hegge Stavkyrkje

Hegge Stavkyrkje krev særleg merksemd med tanke på brannvern og nok brannvatn. Kommunen har ansvar for brannvassforsyning. Det vert sett av 6 mill. kr. til utbygging av brannvatn til Hegge Stavkyrkje i 2021 og samtidig framføring av VA-anlegg i området, finansiert med låneopptak.

VA Sælid – Nedrefoss RA

Beito RA blir i hovudsak tilført avløpsvatn frå store hytteområde, hotell og overnattingsbedrifter samt noko fast busetnad, medan Nedrefoss RA blir tilført avløpsvatn frå midtbygda. Nedrefoss har ikkje reinsettrinn for organisk materiale. Over fleire år har det vore utfordrande å overhalde gjeldande krav i utsleppsløyve.

Ved bygging av ny avløpsledning frå Lidar nedover i bygda er det eit av måla å få avløp frå Beitostølen til Nedrefoss. Skal ein fortsette med påkoplingar av hus i bygda samt hytter/leilegheiter på Beitostølen må vi kople saman avløpsanlegget på Beito med avløpsanlegget ved Nedrefoss.

For å binde saman avløpsanlegga må det byggjast ut anlegg på følgjande strekningar:

Økonomiplan for 2020-2023

- VA Sæle Furustrand. Dette prosjektet er i gang da det må vera vatn til det nye omsorgssenteret seinast juni 2020.
- VA Storefoss – Nedrefoss. Føremålet er å kunna levera større avløpsmengder til Nedrefoss RA og sanera vekk Storefoss avløpspumpestasjon.
- Furustrand – Storefoss, pumpeledning. Pumpeledning må oppgraderast som følge av prosjekta med avløp frå Beitostølen. Denne bør samprojekterast med Heranglie /Raubrøtmoen.

Det vert sett av 13 mill. til desse utbyggingane i 2020, finansiert med lån. I tillegg vert 6 mill. overført frå 2019.

I økonomiplanperioden må vi starte utbygging av nytt reinseanlegg på Nedrefoss. Nedrefoss har ikkje reinsetrinn for organisk materiale. Over fleire år har det vore utfordrande å overhalde gjeldande krav i utsleppsløyve. Det vert sett av 30 mill. til denne utbygginga i 2023, finansiert med lån.

Utbygging av VA-leidningar i bygda.

Vi vil byggje ut VA-leidningar i følgjande område i planperioden:

- Bergojordet. Vi må auka kapasiteten på overvassleidninga frå Beitostølen sentrum over Bergojordet i 2020 og leggje VA-leidning frå Beitostølsvegen til Finntøppvegen.
- Budsjett 4,0 mill 2019VA Gullbakkvegen. Dette prosjektet er i gang. Mange ventar på å få sanert sine avløpsanlegg.
- VA Åbakkin. Dette prosjektet er i gang.
- Kollstad – Tvingivegen . Vidareføring av kommunal hovudleidning i Kollstadbygda med mål å sanere separate avløpsanlegg.
- Sanering av separate avløpsanlegg. Ettersom vi no ferdigstiller nye hovudleidningar for vatn og avløp, vert det behov for mindre VA-prosjekt i form av sideleidningar. Det er behov for eit budsjett som gir rom for raske avgjersler på slike mindre prosjekt.

Det vert sett av 2,0 mill. i 2020 og 7 mill. årleg i resten av perioden til desse tiltaka, finansiert med lån. I tillegg vert det overført 11 mill. kr frå 2019.

Utbygging av VA i nye kommunale bustadområde

For å leggje til rette for busetting vil vi byggje infrastruktur til ny bustadfelt:

- VA Kolleberg. Dette legg til rette både for bustadbygging og for at fleire vert kopla på offentleg nett.
- VA Heranglie. Dette vil vera ei omfattande utbygging som krev store ressursar. Tiltaket må samprojekterast med pumpeledning Furustrand Storefoss og ny avløpsledning frå Raubrøtmoen.

Det vert sett av 8 mill. i 2021 og 10 mill. i 2022 til desse tiltaka, finansiert med lån. I tillegg vert det overført 2 mill. frå 2019.

VA i hytteområda

Registreringar på aust åsen i 2014 viste at i område med straum hadde 42 % av hyttene borebrønn, medan 14 % av hyttene hadde borebrønn i område utan straum. Javnlie hadde flest borebrønner, dvs.

60 % av hyttene hadde borebrønn. Etablering av felles avløpsløyser vil redusere faren for forureining slik at eksisterende borebrønner sannsynlegvis også i stor grad kan nyttast framover.

Spredt avløp vil også etter etablering av fellesløyser for VA i vedtekne infrastruktursoner vere aktuell løysing i mange område. Det er 438 hytter og 398 seterhus som ligg utanfor gjeldande infrastruktursoner. Infrastruktursonene fangar imidlertid opp nesten alle registrerte separate avløpsanlegg dvs. 393 av 416 anlegg. Også innanfor infrastruktursonene vil det for enkelte område både ut frå kostnadmessige og praktiske årsaker være separate anlegg som er aktuelt alternativ.

Vi vil gjennomføre følgjande tiltak:

- Javnlie. I dag er det over 150 anlegg med dårlig kvalitet. Området har ikkje tilstrekkeleg infiltrasjonsevner, og samtidig eit stort utbyggingspotensiale.
- Gravfjellstølen. Vi bygger no leidning til Robølshøvda, viss det er plan for vidare bygging så er dette eit prosjekt som bør i gang innan 5 år.
- Tåbakke – Lykkjehøgde. Vi bør starte med byggetrinn 1 som kan kallast ein transportleidning for vassforsyning og avløpsledning.
- Luskeråsen. Pga. av fare for forureining av borebrønner i fjell, er felles vassforsyning frå Røyre vurdert som mest aktuelle fellesløyser. Det er registrert 126 separate avløpsanlegg, hovudsakleg jordhauganlegg, og 96 borebrønner i fjell. Med bakgrunn i m.a. ofte marginale infiltrasjonstilhøve og ofte omfattande sprekkssystem i berggrunn med fare for forureining av drikkevatt er mange av avløpsanlegga i risikoanalyse vurdert til høg risiko.
- Robølshøvda. Vi er i ferd med å byggje ut VA Robølshøvda for å leggje til rette for hytteutbygging i denne delen av kommunen. Vi vil byggje ut delar av det interne VA-nettet i Robølshøvda hytteområde, for å gjere dette tilgjengeleg for framtidige utbyggingar, mot anleggsbidrag frå Jotunheimen Utvikling AS. Prosjektet VA i hytteområda vert difor tilrådd auka med 2,5 mill. kroner, finansiert med anleggsbidrag frå utbyggjar.

Det vert sett av 16,5 mill. i 2020, 30 mill. i 2021 og 32 mill. i 2022 finansiert med lån til desse tiltaka og 2,5 mill. i anleggsbidrag Robølshøvda.

Traktor og bilar innan VA.

Det er behov for ny traktor og to nye bilar for drifting av VA-anlegga. Det vert sett av 1,8 mill. til dette føremålet i 2020.

Kommunale bygg

Øystre Slidre Helsetun

I planperioden vil det vera ferdigstilling av Helsetunet som vil vera det mest omfattande byggjeprojektet. Utbygging av nytt helsetun starta opp i 2018 med grunnarbeid og skal stå ferdig i oktober 2020.

Byggeprosjektet har i 2019 hatt god framdrift. Når utbygginga er ferdig vil kommunen har eit godt og tenleg bygg for helse og omsorgstenestene til det beste for innbyggjarane.

Det er føresettt frå kommunestyret at vi skal i byggefasen søkje å redusere kostnadene ved utbygginga og vi har arbeidd saman med entreprenørane og konsultar, for å finne område der det er mogleg å spare kostnader. Vi gjennomførte innsparingar i anbodet på om lag 10 mill. kr. før kontrakt vart skreve. Vi ser det er mogleg å foreta nye innsparingar på 5 – 7 mill. kr.

Budsjett for laust inventar og utstyr var opphavleg sett til 10 mill. kr. Dette beløpet er ikkje lagt inn i gjeldande budsjett. Erfaringstal frå tilsvarande prosjekt tilseier at vårt budsjett for laust inventar bør vere 14 mill. kr. Anna fast innreiing og utstyr har til dels store postar som ikkje er teke med i anbod og difor heller ikkje i inngåtte kontraktar. Dette gjeld m.a. utstyr til pasientvarslingssystemet, velferdsteknologi, utstyr til pasienttoalett og personløftarar, TV-anlegg på romma, installasjonar i sansehage, utstyr til vaskeri og elbilladarar til tenestebilane. Innreiing og utstyrspostar som manglar budsjett er samla vurdert til 8,7 mill. kr.

Mengdekontroll og oppdimensjonering av betongkonstruksjonen er vurdert til å ha ein meirkostnad på 6 mill. kr. Våre straumutgifter i byggetida, som ikkje er lagd inn i byggjebudsjettet, vil bli i området 1,2 mill. kr. Konsulentgruppa har varsla at deira estimat for honorarkostnader er 4 mill. kr. høgare enn byggherren sin kalkyle etter anbod. Løn til prosjektleiar vil vere 1 mill. kr.

Dette prosjektet har også kostnader utanfor tomtegrense. Det er kostnader som reparasjon av COOP Heggnes sitt parkeringsareal og fellesprosjekt med COOP omkring felles torgareal. Vi må overta gardsveg til eigedom 27/5 og oppgradere vegen til tilkomst for utrykkingskøyretøy samt framføring av forsterka straumforsyning til området med ny trafo. Desse postane er ikkje teke inn i budsjettet, og vil venteleg bli på om lag 5 mill. kr.

Samla vil det vera behov å auke i budsjettramma på 33,8 mill. kroner (eks. mva) ut over økonomiplan 2019-2022. Det vil i 2020 bli sett av 147,077 mill. kroner til nytt Helsetun. Det er lagd til grunn eit tilskot frå Husbanken på 91,875 mill. kroner i 2019.

Brennabakkin – uteområde for bustader

Vi bygger i 2019 to tilrettelagte bustader på Brennabakkin. Uteområdet er ikkje ein del av den utbygginga. Uteområdet vil bli ferdigstilt i 2020 innanfor ei kostnadsramme på 2 mill. overført frå 2019.

Uteområde Gapahuken

Uteområdet rundt Gapahuken og Lydkåken skal gjerast ferdig i 2020. Det blir sett av 0,6 mill. i 2020. I tillegg kjem 0,4 mill. i overførde midlar frå 2019.

ØSUS garderobar

ØSUS har dei siste åra fått ei kraftig oppgradering. Det som står igjen er garderobar til symjehall og gymsalen. Kostnadene til dette er estimert til 1,2 mill. kr. i 2020.

Klima pluss - næringsklynge

Kommunen har kjøpt Sparebankbygget med føremål å etablere ei næringsklynge i bygget. Konseptet vil bli utvikla i 2020. Det vert overført inntil 1,775 mill. kr frå 2019 til bygningsmessige tiltak for utvikling av næringshage.

Kommunale vegar

Asfaltering av kommunale vegar

Det vert sett av 2 mill. årleg i planperioden til asfaltering av kommunale vegar, finansiert av eigedomsskatteinntekter. Vegar som står for tur å bli asfaltert er Stølsie bustadfelt, Solhauglie og Tingvangfeltet. I tillegg vert det sett av 0,7 mill. i 2020 til asfaltering ved Lidar skule.

Bruar på kommunale vegar

Volbu bru er smal og vil ha behov for teknisk oppgradering. Ny og tidsmessig bru er vurdert som ei betre løysing. Detaljprosjektering vert gjennomført i 2019 med sikte på bygging av ny bru i 2020. Det vert sett av 2,0 mill. i 2020. I tillegg vert 0,5 mill. overført frå 2019.

Beitostølen sør – vest.

I området mellom Beitovegen og skistadion på nedsida av fv. 51 er det gjennom ei rekke reguleringsplanar og utbyggingsavtalar vedteke utbygging av kommunal infrastruktur eller infrastruktur som naturleg knyter seg til kommunal infrastruktur. Ein del av tiltak som skal gjennomførast kan delfinansierast med anleggsbidrag som er eller vil bli betalt inn etter inngåtte utbyggingsavtalar.

Dei aktuelle tiltaka i området er:

- Utbygging av fortau/skiløype frå fv. 51. til Beitostølen skistadion. (6,5 mill.)
- Overtaking og oppgradering av Finntøppvegen inkl. turveg/skiløype frå fv 51 til Beitovegen. (5,6 mill.)
- Overtaking og utbygging av turveg/skiløype frå undergang ved fv 51 til Finntøppvegen. (1,2 mill.)
- Skiløype/turveg frå Finntøppvegen til Beitobrinken (4,2 mill.)
- Bygging av ny skibru over Finntøppvegen. (5 mill.)
- Bygging av ny skibru over Beitostølsvegen med turveg/skiløype frå ny skibru til Finntøppvegen. (5 mill. til skibru)
- Turveg/skiløype frå Beitostølsvegen ved Hydrotunet til Finntøppvegen.
- Fortau/sykkel og gangveg langs Beitostølsvegen til forbi ny skibru.

Utbygging av denne infrastrukturen er eit hovudgrep i kommunedelplanen for Beitostølen. Utbygginga vil avlaste fv 51 og sentrum for trafikk og legge til rette for at friluftsparkering kan skje ved Beitostølen stadion og ved Beitostølsvegen/Menkeli. Samtidig vil det sentrumsnære tur og løypenettet bli vesentleg forbetra.

Utbygginga av denne infrastrukturen vil gå over fleire år. Samla kostnad er grovt kalkulert til 30,6 mill. kr. I 2020 og 2021 vil utbygging av fortau/turveg/skiløype frå fv. 51 til skistadion og utbygging av skibru med tilhøyrande løypenett over Beitostølsvegen bli prioritert. Overtaking og oppgradering av Finntøppvegen vil og bli gjennomført i 2021, og ny skibru over Finntøppvegen i 2022. Kostnadene ved dette er vurdert til 27,6 mill. kroner og vert finansiert med 3,9 mill. frå bunde fond (etter inngåtte utbyggingsavtalar), 5 mill. frå disposisjonsfond næring og resten ved låneopptak. Det vert overført 4,5 mill. frå 2019.

Omlegging ved Åsvegen

Det er behov for å flytte Åsvegen 50-100 m for å få plass til regulert skiløype, inkl. flytte av nokre private VA-leidningar. Vi vil kostnadsrekne tiltaket i 2020, med sikte på å leggje det inn i økonomiplanen for 2021 – 2024.

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Tekniske tenester					
Asfaltering av kommunale vegar	2 700	2 000	2 000	2 000	8 700
Bruar på kommunale vegar	2 000	0	0	0	2 000
Kjøp av område for bustadbygging	12 000	0	0	0	12 000
Overtaking og oppgradering Finntøppvegen	0	5 600	0	0	5 600
Skibru Beitestølsvegen	500	0	0	0	500
Skibru Finntøppvegen	0	0	5 000	0	5 000
Utbygging fortau stadion	6 500	0	0	0	6 500
Uteområde Gapahuken	600	0	0	0	600
Utsmykking av helsetun	2 500	0	0	0	2 500
ØSUS garderobor	1 200	0	0	0	1 200
Øystre Slidre helsetun	147 077	0	0	0	147 077
Sum Tekniske tenester	175 077	7 600	7 000	2 000	191 677
Sum	175 077	7 600	7 000	2 000	191 677

Selvkost

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum 2020-23
	2020	2021	2022	2023	
Tekniske tenester					
Brannvassforsyning	0	6 000	0	0	6 000
Høgdebasseng Nordtorp	4 000	0	0	0	4 000
Kollstad vassverk – ny vasskjede, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett	0	19 000	20 000	31 000	70 000
Oppgradering av Ole vassverk	0	6 000	9 000	0	15 000
Traktor og bilar innan VA	1 800	0	0	0	1 800
Utbygging av VA i nye kommunale bustadområde	0	8 000	10 000	0	18 000
Utbygging av VA-leidningar i bygda	2 000	7 000	7 000	7 000	23 000
VA i hytteområda	16 500	30 000	32 000	0	78 500
VA Sælid - Nedrefoss RA	13 000	0	0	30 000	43 000
Sum Tekniske tenester	37 300	76 000	78 000	68 000	259 300
Sum	37 300	76 000	78 000	68 000	259 300

Økonomiplan for 2020-2023

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023
Investeringer	212 377	83 600	85 000	70 000
Utlån Husbanken	700	700	700	700
Egenkapitalinnskudd KLP	700	700	700	700
Etablering av BU AS - kjøp av aksjer	1 000	0	0	0
Sum finansieringsbehov	214 777	85 000	86 400	71 400
Låneopptak	-54 912	-76 000	-78 000	-68 000
Innlån Husbanken	-700	-700	-700	-700
Bruk av investeringsfond	-9 000	0	0	0
Øremerkede investeringstilskudd	-95 550	0	0	0
Mva kompensasjon	-32 615	-1 520	-1 400	-400
Anleggsbidrag Robølshøvda	-2 000	0	0	0
Overført frå driftsbudsjettet	-19 500	-6 280	-5 800	-1 800
Tomtesal	-500	-500	-500	-500
Sum finansiering	-214 777	-85 000	-86 400	-71 400
Sum finansieringsbehov	214 777	85 000	86 400	71 400
Sum finansiering	-214 777	-85 000	-86 400	-71 400
Udekket finansiering	0	0	0	0

Budsjettvedtak

1A Bevilgningsoversikt - drift

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Rammetilskudd	-97 257	-101 300	-103 246	-103 246	-103 246	-103 246
Inntekts- og formuesskatt	-95 394	-95 400	-100 291	-100 291	-100 291	-100 291
Eiendomsskatt	-21 011	-22 000	-22 500	-22 500	-22 500	-22 500
Andre generelle driftsinntekter	-5 024	-3 600	-11 300	-13 060	-14 465	-14 525
Sum generelle driftsinntekter	-218 686	-222 300	-237 337	-239 097	-240 502	-240 562
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	187 744	216 871	217 449	210 831	209 911	205 323
Avskrivninger	18 450	0	0	0	0	0
Sum netto driftsutgifter	206 194	216 871	217 449	210 831	209 911	205 323
Brutto driftsresultat	-12 493	-5 430	-19 888	-28 266	-30 591	-35 239
Renteinntekter	-4 279	-3 060	-3 560	-3 560	-3 560	-3 560
Utbytter	-1 778	-2 170	-2 320	-2 170	-2 170	-2 170
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	24	0	0	0	0	0
Renteutgifter	3 607	5 040	9 447	11 109	12 666	14 029
Avdrag på lån	11 793	10 000	15 856	20 977	23 444	24 778
Netto finansutgifter	9 368	9 810	19 423	26 356	30 380	33 077
Motpost avskrivninger	-18 450	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	-21 575	4 381	-465	-1 910	-211	-2 162
Overføring til investering	0	0	19 500	6 280	5 800	1 800
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	1 581	-4 935	-6 437	-1 770	-2 505	-3 047
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	7 102	555	-12 598	-2 600	-3 084	3 409
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	8 683	-4 381	465	1 910	211	2 162
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-12 892	0	0	0	0	0

Økonomiplan for 2020-2023

1B Bevilgninger - drift

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Politisk leing og kontrollorgan	2 098	2 667	3 000	3 000	3 000	3 000
Rådmannen felles	5 640	4 820	4 635	4 635	4 635	4 635
Stab	8 486	9 332	9 265	8 962	8 962	8 962
Felles opplæring og kultur	7 495	10 040	9 537	8 737	8 737	8 737
ØSUS	15 168	15 872	16 721	16 685	16 685	16 685
Rogne skule	13 062	13 921	14 087	14 050	14 050	14 050
Lidar skule	12 521	14 232	13 683	13 646	13 646	13 646
Tingvang barnehage	4 332	3 927	4 102	4 102	4 102	4 102
Rogne barnehage	7 070	7 803	7 719	7 719	7 719	7 719
Beito barnehage	4 447	4 984	6 523	6 523	6 523	6 523
Kulturavdelinga	9 498	9 981	10 143	10 143	10 143	10 143
Flyktingetenesta	-4 818	-1 441	5 431	6 631	8 331	8 331
Felles helse og omsorg	19 655	18 479	20 254	20 254	20 254	20 254
Helseavdelinga	16 174	17 133	18 228	18 228	18 228	18 228
IHT	44 118	48 151	51 183	49 485	49 485	49 485
Miljøtenesta	12 861	13 829	14 273	14 273	14 273	14 273
Teknisk drift	18 288	18 918	16 462	11 867	8 512	4 882
Næring plan og byggesak	7 161	7 177	13 918	12 773	12 773	11 273
Kraftforvaltning	-14 591	-12 404	-14 404	-14 404	-14 404	-14 404
Ramme og skatt	-783	-800	-800	-800	-800	-800
Renter og avdrag	39	0	0	0	0	0
Interne finanstransaksjoner	-5 187	-5 685	-7 446	-7 446	-7 446	-7 446
Sum bevilgninger drift, netto	182 732	200 936	216 512	209 061	207 406	202 276
Herav:						
Netto renteutgifter og -inntekter	3	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	1 450	-4 935	-937	-1 770	-2 505	-3 047
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-6 465	-11 000	0	0	0	0
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	187 744	216 871	217 449	210 831	209 911	205 323

2A Bevilgningsoversikt - investering

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Investeringer i varige driftsmidler	78 894	205 550	210 377	83 600	85 000	70 000
Tilskudd til andres investeringer	1 109	0	2 000	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5 747	600	1 700	700	700	700
Utlån av egne midler	715	0	700	700	700	700
Avdrag på lån	107	500	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	86 573	206 650	214 777	85 000	86 400	71 400
Kompensasjon for merverdiavgift	-7 886	-33 510	-32 615	-1 520	-1 400	-400
Tilskudd fra andre	-5 640	-7 100	-96 775	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	-18 924	-10 500	-500	-500	-500	-500
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-6 233	-500	0	0	0	0
Bruk av lån	-32 160	-136 640	-55 612	-76 700	-78 700	-68 700
Sum investeringsinntekter	-70 843	-188 250	-185 502	-78 720	-80 600	-69 600
Overføring fra drift	0	0	-19 500	-6 280	-5 800	-1 800
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	1 077	0	-775	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	-16 807	-18 400	-9 000	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-15 729	-18 400	-29 275	-6 280	-5 800	-1 800
Fremført til inndekning i senere år (udekket)	0	0	0	0	0	0

Økonomiplan for 2020-2023

Bevilgninger - investering

Beløp i 1000

	Regnskap 2018	Oppr. budsjett 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023
Rådmannen						
Sum Rådmannen	0	1 500	0	0	0	0
Helse og omsorg						
Tenestebilar	291	950	0	0	0	0
Sum Helse og omsorg	291	950	0	0	0	0
Tekniske tenester						
Asfaltering mv Finntøppvegen	0	0	0	5 600	0	0
Asfaltering av kommunale vegar	925	0	2 700	2 000	2 000	2 000
Beitostølen - Lidar gang og sykkelveg	2 643	3 000	0	0	0	0
Beitostølen sør - vest	20	4 500	500	0	0	0
Brannvassforsyning	0	0	0	6 000	0	0
Brennebakkin - bustader	723	5 000	0	0	0	0
Bruar på kommunale vegar	0	500	2 000	0	0	0
Bustad - Moavegen 1	1 420	0	0	0	0	0
DALSVEGEN (VA LIDAR-SÆLID)	2 491	0	0	0	0	0
Kjøp bustadtomt Skammestein	341	0	0	0	0	0
Kjøp av område for bustadbygging	0	0	12 000	0	0	0
Kjøp av slambil VA	350	0	0	0	0	0
Kollstad vassverk – ny vasskjede, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett	0	0	0	19 000	20 000	31 000
Kulvert overvatn Arnold/ skiheis	7 039	0	0	0	0	0
Lidar skule - tilknytning avløp	3	800	0	0	0	0
Nordtorp høgdebasseng	0	0	4 000	0	0	0
Oppgradering av Ole vassverk	0	2 000	0	6 000	9 000	0
OPPMÅLINGSUTSTYR - BLINKEN	186	0	0	0	0	0
Røgne skule - gang og sykkelveg	27	0	0	0	0	0
